

Protest eller markering?

TORS DAG SKREIV REPRESENTANTAR for skulane, både elevar, tenesteleiarar, foreldrerepresentantar, Utdanningsforbundet, Fagforbundet, ordførar og varaordførar under eit manifest mot mobbing. Markeringa skjedde under opninga av kommunestyret og det overordna målet med manifestet er å markera nulltoleranse for mobbing blant born og vaksne.

”
Me stiller oss undrande til at Blikra har ei samla foreldregruppe i ryggen når han definerer manifestet som eit diktat frå den politiske leiinga og nyttar omgrepet festskrift.

AT ORDFØRAR ARNE SANDEN valde kommunestyret som arena for markeringa, forklarte han med at kommunen som skuleeigar ville synleggjera at dei tek denne viktige oppgåva på alvor. Sjølv manifestet er utforma og underskriv av regjeringa i tillegg til sentrale FAU organ og fagforeiningar. Bakgrunnen er kunnskapsministeren sitt brev til alle ordførarar i landet med oppmoding om å skriva under manifestet mot mobbing.

ME DAN ALLE INVOLVERTE PARTER

17. **MEDAN ALLE INVOLVERTE** partar, også elevrepresentantane, stod i kø for å setja signaturen sin under manifestet, var det ein part som mangla. Foreldrearbeidstutvalet (FAU) ved Lærdalsøyri skule var dei einaste som ikkje ville skriva under. FAU-leiar Hadle Blikra var lite nøgd med å få tilsendt manifestet kvelden før markeringsmøtet. Han meinte at FAU ikkje vart sett på som ein seriøs avtalepart sidan dei ikkje hadde fått vore med i prosessen i forkant. Dette markerte han ved å nekta skriva under.

BLIKRA KAN HA rett i at FAU burde fått høve til å setja seg betre inn i saka enn å få det på bordet kvelden før det skal signerast, men burde vera vaksen nok til ikkje å finne ein smidigare måte å markera det på.

Me kjenner også innhaldet i manifestet for dårleg til å argumentera for detaljane, men set vår lit til at det er kompetente fagfolk som har utforma både sentrale og lokale tiltak i planen. Om der likevel skulle vera fundamentale element som FAU ved Lærdalsøyri skule var usamde i, hadde det nok vore takhøgd nok for å justera det også etter signeringa.

GJENNOM LEIARVERVET I FAU representerer Hadle Blikra foreldra ved Lærdalsøyri skule. Me stiller oss undrande til at Blikra har ei samla foreldregruppe i ryggen når han definerer manifestet som eit diktat frå den politiske leiinga og nyttar omgrepet festskrift. Og kva må elevane ved skulen tenkja og tru, når dei ser at foreldra ikkje vil skriva under på eit antimobbeprogram fordi dei ikkje har fått vore med å utforma det?

KORLEIS SKAL ME få ungane til å løysa krangel og konflikhtar i minnelege former, når vaksne går føre med slike døme?